



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Molde kommune - søknad om endra LRV i Moldevatnet

Dam Moldevatn er regulert med HRV kote 343,6 og LRV kote 338,1 (5,5 m). Molde kommune søker om endring av LRV i Moldevatn frå kote 338,1 til kote 330,0. Total reguleringshøgde blir 13,6 m. Årsak til endringsøknaden er behovet for å sikre nok kapasitet til drikkevatt ved langvarig tørke (over 3 mnd), samtidig med utfall av kjeldene Bergsvatn og Bårdsdalsvatn. Det blir også søkt om å behalde dagens krav om minstevassføring frå Moldevatnet til Moldeelva og frå Øverlandsvatnet til Seterelva på 12 l/s.

Moldemarka er eit mykje nytta friluftsområde. Dette gjeld både areala rundt Moldevatnet, men også rundt dei tre andre magasinane (Bårdsdalsvatnet, Bergsvatnet og Øverlandsvatnet) som er omfatta av løyvet til å regulere vatn til vassforsyning. Ei senking av reguleringshøgda med 8, 1 m vil ytterlegare kunne påverke opplevingsverdien av området i negativ retning. Det går likevel fram at dette vil skje kun i svært få tilfelle. Årsaka til søknaden er at ein vil sikre uttak av drikkevatt dei åra det kan bli behov for det, utan å måtte søke kvar gang. Det går fram at tappepraksisen for drikkevasskjeldene i Moldemarka ikkje vil bli endra.

Det er registrert at ål kan gå opp i Moldevatnet (www.artsdatabanken.no). I periodar med sterkt nedtappa vatn kan dette vere negativt for ålens vandring. Sidan dette likevel vil skje svært sjeldan vurderer vi at verknadene av større reguleringshøgde for ål neppe vil vere vesentleg. Vi kjenner elles ikkje til særskilte naturfaglege registreringar som vil bli rørt av auka reguleringshøgde.

Sjølv om vi ikkje har registreringar frå Øverlandsvatnet er det likevel knytt særskilte friluftssinteresser her, m.a. som bade- og utfartsområde. Vidare kjenner vi til hekking av andefuglar og smålom ved vatnet

Moldeelva og Seterelva har ikkje anadrom fisk, men det er lokal aure både i vatna og vassdraga. Det er viktig å oppretthalde minstevassføring i desse vassdraga både for fisk, og andre ferskvass-organismar (insekt) som er føde for fisk og fugl. Vi har fått bekymringsmeldingar om tørre elvestrekningar, særleg i Seterelva, i tørkeperiodar om sommaren og har også observert dette sjølv. Om årsaka er at 12 l/s er for lite eller at det ikkje blir sloppe pålagt minstevassføring kjenner vi ikkje til, men det er viktig å hugse at sjølv små vassmengder vil kunne fungere som økologisk



driftsvassføring. Slepp av meir minstevassføring frå Øverlandsvatnet må likevel vurderast opp mot dei viktige natur- og friluftsiinteressene vatnet representerer.

Konklusjon

Statsforvaltaren har forståing for at det er viktig å sikre beredskapen rundt drikkevassforsyninga. Vi har derfor ikkje vesentlege merknader til endring av LRV i Moldevatnet så lenge tappepraksisen vil vere som i dag det aller meste av tida.

Vi rår likevel til at det blir slept tilstrekkeleg minstevassføring, som kan halde liv i fisk og vasslevande organismar i Moldeelva og Seterelva også i tørre periodar. Erfaring frå tørkeperiodar kan tyde på at dette ikkje er tilfelle i dag.

Med helsing

Bjarne Otnes (e.f.)
fagleiar

Lars Kringstad
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
MOLDE KOMMUNE

Postboks 2500	6404	MOLDE
Rådhusplassen 1	6413	MOLDE